



# Årsplan

2023/2024



**Open, engasjert og modig**

# Innhald

Førmålet med barnehagen sin årsplan.....	3
Årsplanen sin funksjon.....	3
Barnehagen sitt samfunnsmandat .....	5
Ellingsøy barnehage .....	6
Barnehagen vår.....	6
Visjon .....	8
Verdiar .....	9
Leik.....	9
Barnehagen sitt innhald .....	10
Barnehagen sine satsingsområde.....	10
Barnehagens miljømål.....	11
Barns medverknad .....	12
Samarbeid .....	13
Samarbeid mellom heimen og barnehagen .....	13
Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar.....	15
Teieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt.....	16
Overgangar .....	17
Når barnet startar i barnehagen .....	17
Overgangar i barnehagen.....	17
Overgangen mellom barnehage og skule .....	18
Barnehagen som pedagogisk verksemd.....	20
Planlegging.....	20
Vurdering.....	21
Dokumentasjon.....	22
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte.....	23
Arbeidsmåtane til barnehagen.....	24
Slik jobbar vi i Ellingsøy barnehage .....	26
Årshjul og datoar .....	28
Diverse informasjon:.....	29
Kjelder .....	31

# Førmålet med barnehagen sin årsplan

**Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngivingane til barnehagen.**

(Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver, 2017, s. 37)

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd der innhaldet skal planleggast og vurderast. Barnehagen sitt pedagogiske arbeid skal vere grunngjeven i Barnehagelova og i Rammeplanen. Med utgangspunkt i Rammeplanen skriv barnehagen ein årsplan som vert godkjent av samarbeidsutvalet. Årsplanen vert publisert på nett og sendt ut på e-post til alle foreldre og føresette.

## Årsplanen sin funksjon

Årsplanen skal synleggjere korleis barnehagen brukar barnehagelova i praksis, og arbeider målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet. Ifølgje rammeplanen har planlegging av barnehagen sitt innhald og arbeid fleire funksjonar:

- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gjev kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synleggjer barnehagen si tolking og realisering av rammeplanen
- Gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

Barnehagen sin årsplan er også eit viktig dokument for eigar og myndighetene si oppfølging og tilsyn med barnehagen. Vi brukar den i samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar.



## Barnehagen sitt samfunnsmandat

*Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.*

*Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdiar som kommer til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetane.*

*Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheter. Dei skal ha rett til medverking tilpassa alder og forutsetningar.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være et utfordrande og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.*

(Barnehagelova, 2005, §1. Formål)

## Ellingsøy barnehage

Ellingsøy barnehage er ein kommunal barnehage og ein del av verksemd "barnehagar vest". Verksemda består av Ellingsøy barnehage, Midtbyen barnehage, Storhaugen barnehage og Skarbøvik barnehage. Verksemdeleiar er Haldis Gundersen.

Ellingsøy barnehage ligg idyllisk plassert på Hoffland, ytterst på Ellingsøya. Vi har ei unik plassering med eit stort flott uteområde. Nærmiljøet vårt byr på utallege moglegheiter for varierte aktivitetar. Vi har både skog, fjøre og fjell i umiddelbar nærheit – eit eldorado for barn og vaksne.

Barnehagen har ei engasjert personalgruppe som består av kvinner og menn med lang erfaring og høg kompetanse.

Namna på barnegruppene kan knytast til lokalhistoria og nærmiljøet på Ellingsøya.

Vi har 98 plasser, fordelt på 5 barnegrupper:

- Silda og Makrellen er gruppene for dei yngste barna, 1-3 åringane.
- Torsken og Seien er gruppene for barna som er 2- 4 år.
- Hummeren er gruppa for 5-åringane og er ei utegruppe. Dei held til i «Hummerhuset» som ligg på utsida av barnehagens område. Dei har også si eiga grillhytte som dei disponerer. Denne gruppa er mykje ute heile året, og går på tur fleire gongar i veka.



# Visjon

## Visjon i eigen barnehage:

### **Aktive og inkluderande barn og vaksne, gir tryggheit og glede.**

I Ellingsøy barnehage står leiken i fokus, der humor og glede er viktig for oss. Vi har eit mangfold av nasjonalitetar og morsmål, både blant barn og tilsette, og barna møtast i leik og aktivitetar saman med engasjerte vaksne. Kvart enkelt barn og vaksne er med å forme miljøet i kvardagen. Barna får erfare korleis mangfold, inkludering og sosial kompetanse skaper gode miljøer.

## Verdiar

Ellingsøy barnehage skal vere ein trygg stad å vekse opp. Barnas veremåte er prega av leik, nysgjerrigkeit og undring og det er på barna sine premissar at barnehagekvardagen vert lagt opp.

Vi ønsker eit miljø der ein er rause med kvarandre og ser glede i å bevare eit mangfold i gruppa. Kvart enkelt individ skal bli møtt med forståing og lytting, og oppleve seg sjølv som betydnings full. Barna skal oppleve å bli tatt godt vare på, og få erfare betydninga av å gi omsorg til andre. Det er personale sitt ansvar å rettleie barna, slik at både enkeltbarn og fellesskapet blir ivaretatt ut i frå demokratiske prinsipp. Med dei pliktene og rettigheitene som eit demokrati medfører. Aktiv deltaking og medverknad er viktig, og mobbing og krenkelsar er ikkje tillat. Vi jobbar med førebygging av mobbing gjennom å sette ord på kjensler, finne løysingar og vere gode rollemodellar. Kommunen har eigne prosedyre for handtering av mobbing, dersom det skulle oppstå. Prosedyrane beskriv korleis vi på ein god måte skal handtere krenking og mobbing. Vi har ansvar for å vise omsorg for kvarandre, men også for naturen rundt oss. Det er viktig å tenke framover og tilegne oss gode vanar for framtida. Vi kan undre oss saman med barna, og gjennomføre små tiltak i kvardagen, som er med på å hjelpe i riktig retning. Tiltak som å ikkje ta meir mat på tallerkenen enn ein kan ete, ta vare på og reparere leiker, sortere søppel, bli kjend med og få eit nært forhold til naturen er viktig. Ved å aktivt bruke

den flotte naturen vår, vil vi gi barna gode naturopplevingar og la dei bli kjent med naturens rikdom.

Gode opplevingar i naturen, sosial kompetanse og eit sunt kosthald, gir grunnlag for livsmeistring og god helse. Under måltida i barnehagen snakkar vi om korleis sunn mat hjelpt oss å halde kropp og hovud i aktivitet. Barnehagen er ein arena for å smake på nye ting saman med jamn aldra og vi kan oppmunstre kvarandre til å prøve ut nye smakar. I løpet av fiskevekene i mars, får barna smake på mykje forskjellig mat frå havet. Under måltida i barnehagen får barna vite kvar maten vår kjem ifrå, før vi kjøper den på butikken.

## Leik

Størstedelen av barnas tid i barnehagen brukas på leik. Vi ser på leiken som veldig viktig for barn i førskolealder når det gjelder utviklinga av heile personlegheita. Det som karakteriserer leiken er at den er frivillig, spontan, sjølvstyrande og sjølvtilfredsstillande. Dette er noko barna held på med fordi dei liker det. Leiken er spesielt viktig i forhold til fantasien og skaparevna og i forhold til andre barn. Barn lærer seg normer og regler og til å ta omsyn til kvarandre, vise omsorg og til å dele med andre. Saman planleggjar og eksperimenterer dei og skaffar seg nye ferdigheter og erfaringar dei seinare vil få bruk for. Gjennom leken må barna bruke språket aktivt og nye ord/setningar oppstår i samspelet med andre barn. Leik er også et uunnverleg hjelphemiddel for barna når det gjelder å bearbeide inntrykk. Leik kan for barn være eit godt hjelphemiddel til å redusere evt. angst og skremmande opplevingar. Barna har også moglegheit for å leve ut følelsar det elles kan vere vanskeleg å gi uttrykk for.

Vårt mål er at alle barn i vår barnehage har nokon å leike med og at dei skal meistre ulike måtar å kome inn i leik. Å holdast utanfor det fellesskapet andre er ein del av, å ikkje få vere med å leike opplevast som vondt for barn. Vennskap med andre barn er viktig. Ved å vere deltakande og engasjerte i barnas leik, jobbar vi for å lære barna ulike måtar å kome inn i leiken på. Vi vil bidra med forslag som stimulerer og vidareførar leiken. Vi legg vekt på å gi barna tid og rom til å utvikle leiken, og vi jobbar for at det er et trygt, godt og tilrettelagt leikmiljø.

## Barnehagen sitt innhald

**Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.**

(Rammeplanen kap. 3)

Gjennom frileik, turar og planlagde aktivitetar skal barna få moglegheit til å utvikle seg ut frå eigne forutsetningar. Tema og innhald er utforma gjennom årshjulet, men det er rom for å ta vidare barnas initiativ og interesser. Kvar avdeling er tilrettelagt for variasjon mellom aktivitet og kvile. Omsorgsfulle relasjoner mellom barn og vaksne er grunnmuren for personalet sitt arbeid, og skaper tryggheit for læring og utvikling. Moglegheit til å danne vennskap og nære relasjoner til andre er viktig. Barna blir godt kjent med seg sjølv og andre, og får erfare å vere betydnings full i ei gruppe.

## Barnehagen sine satsingsområde

Gjennom avdelingsmøte og personalmøte får personalet anledning til å dele erfaringar og drøfte arbeidsmetodar for å sikre kvalitet i arbeidet.

Gjennom regional kompetanseutvikling vil personalet ha et utviklingsarbeid med tema **“Barnehagen sitt arbeid med å forebygge, avdekke, stoppe og følgje opp mobbing og utesettenging”**.

- Som hovudtema dette barnehageåret har vi «**Livet og sånn**». Det er eit gratis undervisningsopplegg lagd av Ålesund kommune for å fremje livsmeistring og helse for barn. Vi vil setje fokus på dei ulike førelsane og bli kjend med dei. Vi vil også jobbe med venskap, mobbing og konfliktløysing. Knyte det saman med utviklingsarbeidet vårt. (Ta gjerne en titt på heimesida deira: [livetogsann.no](http://livetogsann.no)) Dykk vil få meir informasjon om dette arbeidet i løpet av hausten.

## Barnehagens miljømål

Ellingsøy barnehage blei miljøfyrtårnsertifisert 03. februar 2022. Å vere ei Miljøfyrtårnbedrift inneberer systematisk arbeid med miljøtiltak i kvardagen. Vi må oppfylle krav og gjennomføre tiltak for ei meir miljøvenleg drift og godt arbeidsmiljø.

Rammeplanen stiller krav om at barnehagane skal ha fokus på berekraftig utvikling. Og det er i barnehagen vi må begynne. Vi ønsker at barna skal bli miljøbevisste, ikkje berre her i barnehagen, men ellers også. Får barna med seg gode haldningar frå barnehagen, tek dei det med seg vidare. Og kanskje også nokre foreldre blir meir bevisste på plastforsøpling, og sluttar blant anna å bruke plastposar kvar gang dei handlar, og heller bruker handlenett.

I barnehagen er vi opptatt av å fremme verdiar, haldningar og praksis for eit meir berekraftig samfunn. I kvardagen har vi gode rutinar saman med barna. Vi kildesorterer, og vi er opptatt av å bruke produkt som er svanemerket, økologisk eller miljømerket. Barnehagen skal bidra til at barna forstår at dagens handlingar har konsekvensar for framtida.

Interesse for og kunnskap om naturen gjer at barna i større grad ser verdien i å ta vare på naturen og å gjøre miljøvennlege val. Mange barn er allereie veldig opptatt av til dømes dyr.

Barna kan lære mykje om dyr og planter ved å vere ute i naturen, for eksempel ved å leite etter insekt og småkryp og sjå på dei med lupe, mate fuglar om vinteren, sette opp fuglekasser, finne spiselege planter i naturen og mykje meir.

Barnehagen har formulert følgande miljømål:

- «Vi reduserer plast- og papirforbruket».
- "Vi er bevisst på å bruke naturmateriale og gjenbruk av det vi har på barnehagen».
- «Vi vaksne er rollemodellar ved å ta med borna på kjelde-sortering, og på den måten bidra til å få miljøbevisste born».
- «Vi arrangerer "miljøuke" kor vi plukkar søppel og avfall i nærmiljøet saman med borna og har ekstra fokus på miljøvern.

## Barns medverknad

**Barnehagen skal ivareta barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagen sitt daglege innhald, jf. Lov om barnehagar kap. II- §3, grunnloven §104 og FNs barnekonvensjon artikkel 12 nr.1.**

**I følge rammeplanen kapittel 4 skal barnehagen vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.**

Barns rett til medverknad krev tid og rom for å lytte og snakke saman. Vi tar utgangspunkt i barnas eigne måtar å uttrykke seg på. Vi lyttar, tolkar kroppsspråk, følger med på barnas handlingar, estetiske uttrykk og etterkvart deira verbale språk. Mykje kan bli sagt utan ord!

Når barna opplever at deira interesser og opplevelser blir tatt omsyn til, og at vaksne og barn samtaler om det som skjer, erfarer de at dei påverkar og medverkar i sin eigen kvardag.

På Ellingsøy barnehage er barnegruppa med på å påverke eigen kvardag på fleire måtar. Vi kan endre turmål, måltid og innhald i samlingar. Men barns medverknad handlar om meir enn å påverke eigne turar, eller kva man ønsker som pålegg på brødmåltidene. Det handlar om at barna skal få kjenne og erfare at sine meininger blir hørt og tatt til etterretning, det til tross for at dei ikkje alltid kan oppfyllast. Slike diskusjonar krev eit personale som både lyttar og respekterer barnas tankar og interesser, og som også har tid til dei gode refleksjonane og samtalane saman med barna dei gangane deira ønsker ikkje kan oppfyllast. Gjennom samtaler mellom barn og vaksne erfarer barna at deira tankar og ønsker er meiningsfylte, og blir møtt med aksept, forståing og respekt av personalet.

## Samarbeid

### Samarbeid mellom heimen og barnehagen

**Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.**


(Rammeplanen kap. 5)

Det er foreldra som kjenner barnet sitt best. Vi i Ellingsøy barnehage meiner god kontakt mellom heim og barnehage er viktig for å skape tryggheit for barna. Vi ynskjer ei dagleg kontakt med foreldra i bringe- og hentesituasjonane. Det er viktig å skape gjensidig tillit, slik at vi kan snakke om det som gjeld barnet. Det er viktig at vi får informasjon om plutselege forandringar i livet til barnet eller andre situasjonar som kan påverke barnet. Det er likevel viktig at ting ikkje seies "over hovudet" på barnet. Ta heller kontakt med pedagogisk leiar eller styrar.

Foreldra sikrast medverknad i barnehagens innhald gjennom deltaking i foreldreråd, samarbeidsutval, foreldremøte og brukarundersøkelser. Foreldremøte gjennomførast både som fellesmøte med alle foreldra til stades og ved møte gruppevis.

To gangar pr. år innkallast det til foreldresamtale om det enkelte barnet. Dersom nokon ynskjer samtale med oss utover det, ber vi om at dykk tek kontakt. Dersom det er noko angåande barnet vi treng å ta opp med dykk, kallar vi sjølv inn til samtale.

Kvar barnehage har eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.



### Foreldreråd:

Foreldrerådet består av **alle** foreldra til barna i barnehagen.

Foreldrerådet skal fremme fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet skal bli førelagt og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for foreldras forhold til barnehagen.

### Samarbeidsutvalet:

Samarbeidsutvalet består av foreldre og ansatte i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert.

Samarbeidsutvalet skal være eit **rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ**.

Samarbeidsutvalet skal bli førelagt saker som er viktige for barnehagens innhald og virksomhet, og for forholdet til foreldra. Samarbeidsutvalet skal fastsette barnehagens årsplan.



### Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar

**Regjeringa ventar – at kommunar og fylkeskommunar arbeider målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene for å gi barn og unge som treng det, et heilsakleg tilbod. Godt tverrfagleg samarbeid handlar om at ulike fagmiljø arbeid saman og ser tilboda til barn og unge i samanheng.**

(St.meld. 6, 2019-2020, s. 6)

I Ålesund kommune samarbeider barnehagane tverrfagleg med ulike aktørar.

Samarbeidsaktørar for Ellingsøy barnehage er:

- **Pedagogisk fagsenter:** Lågterskel-tilbod til barnehagane i kommunen. Dei kan bistå med rettleiing av personalet og i planlegging av det pedagogiske tilbodet i barnehagane for og auke kvaliteten av det almen pedagogiske arbeidet opp imot barn med spesielle behov.
- **PPT:** Yter tenester til barn i førskolealder (0-6 år) med ulike utfordringar.
- **Barnevernstenesta:** Samarbeid ved behov
- **Helsestasjon:** Samarbeid ved behov
- **Grunnskule:** Samarbeid ved overgang barnehage/skule
- **Ungdomsskule:** Arbeidsveke for elevar
- **Vidaregåande skule:** Praksisplass for elevar
- **Høgskule:** Praksisplass for studentar ved barnehagelærarutdanninga.

## Teieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt

Barnehagelova § 44 pålegg teieplikt om forhold dei tilsette i barnehagen blir kjent med gjennom si stilling (jf. Fvl. § 13). Teieplikta er ein viktig føresetnad for at barnehagen skal bli informert om opplysingar i høve familieforholda til barn som kan vere avgjerande for opphald, trivsel og utvikling i barnehagen.

Barnehagelova § 46 pålegg tilsette i barnehagen, utan hinder av teieplikt, å gi opplysingar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at det skjer mishandling av barn i heimen eller andre formar for alvorleg omsorgssvikt, også kalla meldeplikt. I tillegg skal ein gi opplysingar til barneverntenesta når ein bli bedd om det.

Ifølge straffelovens generelle bestemming om avverje, §196, er ein kvar forplikta til å søke å avverje ei straffbar handling eller følgjene av den, på eit tidspunkt då det framleis er mogleg, og det fram står som sikkert eller mest truleg at handlinga er eller vil bli begått. Den generelle avverjeplikta gjeld også tilsette i barnehagen



## Overgangar

### Når barnet byrjar i barnehagen

***Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjoner og knyte seg til personalet og til andre barn.***

(Rammeplanen kap. 6)

I Ellingsøy barnehage jobbar foreldre og barnehagepersonale saman om å gje barnet den beste starten i barnehagen. Tilvenninga må skje på barnets premisser og i tett dialog mellom foreldra og barnehagepersonalet. Barn er ulike, nokon treng kort tid til tilvenning og tilknyting, mens andre treng lenger tid. Vi i barnehagen tilpassar våre rutinar, slik at det enkelte barn får tid til å bli kjende med vaksne og barn. Meir informasjon om tilvenning står i brevet som sendast ut før oppstart.

### Overgangar i barnehagen

***Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter gruppe.***

(Rammeplanen kap. 6)

Overgangar skjer også innad i barnehagen. For å gjøre overgangen frå ei gruppe til ei anna enklast mogleg har vi frå og med mai ein fast besøksdag i veka, i den nye gruppa. Barna følgjast då av ein voksen frå si gruppe.

## Overgangen mellom barnehage og skule

**Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga.**

(Rammeplanen kap. 6)


Ålesund kommune har eiga prosedyre for overgang frå barnehage til skule, og kvar haust delast det ut informasjon til førskulebarnas føresette.

For å gjere overgangen frå barnehage til skule best mogleg for det enkelte barn, samarbeidast det tett mellom barnehagane og skulane på Ellingsøya. Alle førskulebarna besøker kvarandre på dei ulike barnehagane på øya, og dei inviterast på besøk til den skulen dei skal byrje på. Slik legg vi til rette for at barn opplever at det er ein samanheng mellom barnehage og skule. Dei får kjennskap til skulane og dei andre 5-åringane. Dette ynskjer vi skal føre til at dei får ein positiv avslutning på barnehagetida og gler seg til å byrje på skule.

Ved behov for utvida samarbeid mellom barnehage og skule, leggast det til rette for det.

### VIKTIGE HENDELSER FOR FØRSKULEGRUPPA 2023-2024:

- Rektor og SFO-leiar besøker barnehagane
- Vi får besøk av førskulebarna frå FUS Stokke Maritime barnehage
- **Innskriving:** Januar 2024
- Besøke FUS Stokke Maritime barnehage
- Skulane har overføringsmøte med barnehagane
- Besøke Stokke skule
- Besøke Ellingsøy skule
- Prøveskuledag/besøksdag på begge skulane



## Barnehagen som pedagogisk verksemd

**Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast.**

**Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane.**

(Rammeplan kap. 7)

Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd, er å gje barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og Rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngjeve i lovverket.

Alle avdelingar har minst ein pedagogisk leiar. Pedagogisk leiar har i samarbeid med medarbeidarane i oppgåve å observere, planlegge, gjennomføre og evaluere pedagogiske aktivitetar.

### Planlegging

**Barnehagen skal tenke og handle langsiktig og systematisk, og planlegginga må basere seg på kunnskap om barn sin trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe.**

(Rammeplan kap. 7)

For at vi skal kunne planlegge barnehageårets pedagogiske mål, er det viktig at vi har gode rutinar på informasjonsdeling og observering av barnas interesser og ferdighetsnivå, på tvers av avdelingar. I Ellingsøy barnehage har vi eit felles årstema som gjeld for alle avdelingane uavhengig av alderstrinn. Temaene blir utarbeidt i forkant av nytt barnehageår, med progresjonsmål gjennom heile året. Kvar avdeling utarbeider ein pedagogisk plan for sin avdeling i starten av kvart barnehageår.

Alt pedagogisk arbeid evaluerast fortløpende både på basemøter, pedagogmøter og personalmøter.

Vi har også fem planleggingsdager per barnehageår som blir fordelt utover i samarbeid med SU. Her blir det lagt videre planer ut ifrå evalueringar og vurderingar gjort underveis.

### Vurdering

**Hovudføremålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med lov og forskrift.**

(Rammeplan kap. 7)

Vurderingsarbeid dannar grunnlaget for planlegging av barnehagen som pedagogisk verksemd. Gjennom dette arbeidet sikrar vi alle barn eit godt og tilrettelagt tilbod og fangar opp dei som treng særskilt hjelp og støtte. Vurderinga bidreg til at kvaliteten på aktivitetar blir så god som mogleg, noko som er eit viktig grunnlag for barns utvikling og læring. For å sikre god pedagogisk kvalitet i barnehagen, må alt av arbeid også evaluerast. Teamarbeida og pedagogiske planar blir evaluert fortløpende både på basemøte, pedagogmøte og personalmøte.



# Dokumentasjon

*Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i arbeidet med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Vurderingar i høve trivsel og allsidig utvikling skal dokumenterast når det er naudsynt for å gi eit tilrettelagt tilbod. Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om eigne barn, og til å få sletta eller korrigert opplysingar som er feilaktige eller misvisande.*

(Rammeplan kap. 7)

Dokumentasjon av barnehagens verksem er ein måte å gje foreldre informasjon om barnas aktivitetar, interesse og læreprosessar på. Den opplevast som eit godt verktøy for personalet i forhold til vurdering og forbetring. Dokumentasjon dannar grunnlag for personalets refleksjon over praksis.

Vi dokumentarar i form av biletar, månadsbrev og utstillingar av barnas arbeid.

Alle barna har eigne permar som følgjer dem gjennom åra i barnehagen der vi sett inn biletar, teikningar, etc. På tavlene i garderobane hengjer vi opp foto og ulike informasjonsskriv. I tillegg stiller vi ut barnas arbeid som viser resultatet av ulike pedagogiske prosesser. I IST home deles det rapporter med dokumentasjon.

I byrjinga av kvar månad sender dei pedagogiske leiarane på avdelingane ut månadsplan eller månadsbrev til føresette i si gruppe. Her informerast det om blant anna kva som skal skje i komande månad.

## Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

*Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter barna sine behov og føresetnadar, også ved behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar.*

*Barnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at barn som treng ekstra støtte får eit inkluderande og likeverdig tilbod, og slik vere ein del av eit meiningsfullt fellesskap.*

*Om det er grunn til å tru at barnet sitt behov ikkje kan dekkast innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen skal sørge for at barn som mottek spesialpedagogisk hjelp, inkluderast i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet.*

(Rammeplan kap. 7)

I Ellingsøy barnehage er vi opptatt av at alle barn skal ha eit tilbod tilpassa sine behov og forutsetningar. Gjennom avdelingsmøter og pedagogmøter tek vi opp ulike bekymringar på lågterskel nivå og vurderer vidare arbeid for å tidlegast mogleg sette inn dei tiltak som må til. Når vi har ei bekymring blir det allmennpedagogiske arbeidet tilpassa slik at forutsetningar skal liggje til rette for alle barna, også dei som møter utfordringar på kort eller lang sikt. Vi har eit godt og nært samarbeid med øvrige instansar, slik at vi på den måten får raskast mogleg hjelp og støtte om det skulle vise seg at tilrettelegging i det ordinære barnehagetilbodet ikkje strekk til.

# Arbeidsmåtane til barnehagen

## Progresjon

**Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhold, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø.**

(Rammeplan kap. 8)

Alle barn skal oppleve progresjon i barnehagekvardagen. Ved å legge til rette for varierte leike-, aktivitets-, og læringsmoglegheiter for alle aldersgrupper, vil vi gi barna varierte erfaringar og opplevelingar. Vi ønsker å tydeleggjøre korleis vi jobbar med progresjon gjennom omsorg, leik, læring og danning.

Kva gjer vi og korleis sikrar vi progresjon:

1-3 år	3-6 år
Omsorg	
-Tilgjengelege vaksne som sit på golvet med barna. - Stell. - Utvikling av empati og nestekjærleik ved å gi positive tilbakemeldingar når barna viser omsorg for andre. - Tid og ro til å sjå enkeltbarnet.	- Barna blir sett, forstått og respektert av varme og inkluderande vaksne. - Hjelper barna til å sjå og forstå eigne og andres førelsar. - Lytte til det barnet har å seie.
Leik	
- Ivareta barnas egen kultur, (toddler- kultur), kroppsleg lek, parallelleik. - Barna oppmuntrast til å dele, vente på tur. - Aktivt bidra, og her rettleie barna slik at alle kjem inn i leiken.	- Jobbe mot læring av rolleleik, samleik og regelleik. - La barna leike i mindre grupper/leike grupper. - Legge til rette for kreativ leik. - Vere aktive vaksne som hjelper barna til å behalde og invitere til leik.

## Læring

- Vere lydhøre overfor barna og ivareta deira interesser f.eks. i samlingsstund og temaarbeid. - Dagleg lesing og sang.
- Dagleg lesing og sang.
- Barna bruker hele kroppen og alle sansane i læringsprosessen.
- Vaksne støtter, berikar og utfordrar barna gjennom heile dagen.

- Undrende samtaler rundt små og store tema.
- Leik med språk og lyder. Rim, regler, sang og høgtlesing.
- Personleg meistring og sjølvstende er viktig for læringa.

## Danning

- Barna er prøvande og nysgjerrig til omverdenen.
- Barna byrjar å forstå felles verdiar og normer. - Barna lærer at alle i gruppa er like viktige.
- Sjølvstendighetstrening i garderobe- situasjon og måltid.

- Bidra til å fremme barnas tilhørighet til samfunnet ved å synleggjøre mangfald og forskellar
- Barna skal bli sjølvhjelpe og sjølvstendige i av- og påklednings situasjonar, måltid og toalettbesøk.
- Barna øver på allmenn folkeskikk, bordskikk og god oppførsel.

## Slik jobbar vi i Ellingsøy barnehage

Vi jobbar med ulike prosjektarbeid på alle avdelingane gjennom heile året. Her observerer vi barna og kartlegg deira behov og interesser før vi nyttar avdelingsmøter til å planlegge aktivitetar i vekene framover. Vi tek utgangspunkt i den didaktiske relasjonsmodellen. Når vi planlegg prosjekt tek vi utgangspunkt i rammeplan og fagområda som står der.

Rammeplan for barnehagar inneholder følgande 7 fagområde som barnehagen skal arbeide med:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, bevegelse, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Antall, rom og form

I vårt arbeid gjennom året, flettast alle fagområda naturlig inn i pedagogiske aktivitetar, kvardagsaktivitetar og barnas leik.

Utfyllande informasjon om fagområda finnes i Rammeplan for barnehagar.

Vi organiserer dagane slik at vi veksler mellom periodar med ro, aktivitet og måltid. På denne måten kan barna tilegne seg gode vanar, haldningar og kunnskap når det gjeld kost, hygiene, aktivitet og kvile.



## Årshjul og datoar

- August /september: Tilvenning og bli kjent
- Veke 38: Brannvernveka
- 24. oktober: FN-dagen
- 27. oktober: Bamsefest
- Desember: jul og juletradisjonar
- 13. desember: Santa Lucia
- 15. desember: Nissefest
- 6. februar: Samenes nasjonaldag
- 9. februar: Karneval
- Mars: barnehagedagen 2024
- Veke 8 og 9: Fiskeveke
- 22. mars: Påskelunsj
- Uke 17 (22. - 26. april): Miljøvernveke
- 16. mai: Prøve 17-mai i barnehagen. Vi går i tog, og har ulike leikar ute
- Juni: Sommarfest, og avslutningsfest for dei barna som skal byrje på skulen
- Juni: besøksdag for nye barn

## Diverse informasjon:

### Nettvett:

På grunn av det etiske ansvaret til barnehagen, ønskjer vi ikke at biletet av barna som blir tekne i ulike settingar i barnehagen blir lagt ut på nettsider. Til dømes på Facebook. Dette gjeld når det er andre enn ditt barn på biletet!

### Levering og henting:

Foreldra skal alltid ta kontakt med personalet på si avdeling når barnet kjem om morgonen, og når det blir henta på ettermiddag. Dersom barnet kjem seinare enn kl. 9.30, vil vi ha beskjed på grunn av tur og opplegg. Vi vil også ha beskjed om barnet har fri, eller er sjuk. Vi ber om at dykk registrerer fråver på IST før kl. 08 slik at vi kan planlegge dagen etter kor mange barn som kjem.

### Måltid:

Vi har tre måltid per dag, frukost, lunsj og frukt. Frukost ordnar dykk foreldre, enten ved at barna et heime eller dei kan ha med matpakke og ete når dei kjem om morgonen. Frukost varer fra 07- 8.30, lunsj er rundt kl. 11/11.30 og fruktmåltid rundt kl. 14.

Til fruktmåltidet delar vi opp frukt, slik at barna får smake litt fleire sortar kvar dag. Vi serverer også brød eller knekkebrød til dette måltidet. Vi serverer vatn til alle måltid, mjølk til frukost og lunsj.

### Bursdagsfeiring:

Vi feirar bursdagen til barna i barnehagen og alle barna får eiga bursdagskrone. Vi heng også ut flagg og heng opp bilet på døra slik at alle veit kven som har bursdag. Dersom dykk ønskjer å dele ut bursdagsinvitasjonar i barnehagen, må dykk invitere enten alle jenter, alle guitar eller alle guitar og jenter på kullet/avdelinga. Ver bevisst slik at dykk ikkje stenger nokon ute!

## Ferieavvikling for barna:

Alle barna skal ha fire veker ferie i løpet av barnehageåret og desse skal takast ut før 31.juli 2024. Tre av disse vekene skal takast samanhengande i sommarmånadane. Planleggingsdagar, jul- og nyttårsaftan kan ikkje rekna som feriedagar.

Sommarferien må varslast innan 1. april. Resterande feriedagar meldast frå om til personalet seinast ei veke før den aktuelle ferien. Sommaren 2024 bli barnehagen truleg sommarstengd i veke 28 og 29.

## Planleggingsdagar:

På planleggingsdagane planlegg og evaluerer vi vår verksemnd. Vi jobbar målretta for å utvikle oss og bli betre på det vi gjer. Barnehagen har fem planleggingsdagar i løpet av eit barnehageår.

- Tysdag 01.08.23
- Tysdag 26.09.23 (Rekomp.dag)
- Tysdag 02.01.24
- Fredag 10.05.24
- Måndag 03.06.24

## Opningstider:

Opningstid på Ellingsøy barnehage er kl. 07.00-16.45.

## Jul og påske

Vi held ope i jula og påska. Siste onsdag før påske stenger barnehagen kl. 12. Barnehagen er stengd julaftan og nyttårsaftan.

## Barn og sjukdom

Dersom barna er sjuke, må dei haldast heime. Dersom barna blir sjuke når dei er i barnehagen kontaktar vi foreldre, difor er det viktig at dykk er tilgjengelege på telefon. Dersom barna har hatt feber blir det anbefalt at barna skal ha eit feberfritt døgn før dei kjem i barnehagen igjen. Barn med oppkast og diaré skal haldast heime minst 48 timer etter siste utbrot. Når det gjeld rutinar ved sjukdom følger vi folkehelseinstituttet sin anbefalingar. Barna må vere friske nok til å vere ute dersom dei kjem i barnehagen, vi har ikkje kapasitet til å vere inne med barn som ikkje er i form.

## Kjelder

Rammeplan for barnehagen: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/ramme-plan-for-barnehagen/>

Lov om barnehager: Lov om barnehager (barnehageloven) - Lovdata  
Stortingsmelding nr 6: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>

FN`s berekraftsmål: <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>

Barnekonvensjonen: <https://www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/Barnekonvensjonen>

**Kontaktinformasjon:**

Ellingsøy barnehage

Gateadresse:

Hoffland, 6057 Ellingsøy

Telefon:

Kontoret: 70 16 51 70

Hummeren: 952 90 953

Torsken: 902 23 174

Seien: 902 17 308

Makrellen: 902 42 578

Silda: 902 27 439

Styrar: Lise Randi Kalvøy

Telefon: 930 11 958

E-post: [lise.randi.kalvoy@alesund.kommune.no](mailto:lise.randi.kalvoy@alesund.kommune.no)

Verksemgsleiar: Haldis Gundersen

Telefon: 911 51 580

E-post: [Haldis.iren.gundersen@alesund.kommune.no](mailto:Haldis.iren.gundersen@alesund.kommune.no)

[www.alesund.kommune.no](http://www.alesund.kommune.no)

